

## PROTOKOLL

### Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS

**Møte:** 2-2019  
**Tid:** Fredag 6. desember 2019 kl. 11:00 – 11:30  
**Stad:** Nordhordland Utviklingsselskap IKS


**Til stades:**

Ordfører:	Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Astrid Aarhus Byrknes (Lindås), Karstein Totland (Masfjorden), Øyvind Oddekalv (Meland), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Jostein Borlaug (Radøy)
Rådmenn:	Ørjan Raknes Forthun (Lindås), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Liv Løvik (Austrheim)
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Ingen

<b>Sak 8/19</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
<b>Sak 9/19</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll</b> Lars Fjeldstad og Per Lerøy vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 10/19</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2019</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskap 1-2019 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 11/19</b>	<b>Val av leiar og nestleiar til Representantskapet RNHI 2020-2023</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Karstein Totland vert valt til leiar i Representantskapet RNHI for perioden 2020-2023. Sara Hamre Sekkingstad vert valt til nestleiar i Representantskapet RNHI for perioden 2020-2023.
<b>Sak 12/19</b>	<b>Val av valnemnd RNHI for 2020-2023</b> Representantskapet vel tre personar til valnemnd i møtet.  <b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet vel Hallvard Oppedal, Kjetil Eikefet og Per Lerøy til valnemnd RNHI for perioden 2020-2023. Valnemna har ansvar for å føreslå kandidatar til styret i selskapet, og å føreslå honorar til styret.

<p><b>Sak 13/19</b></p>	<p><b>Orientering om status i prosjektet</b>  Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit informerte om status og framdrift i prosjektet. Prosjektet er i rute og bygget vil stå ferdig i årsskiftet 2020/21. Januar og februar 2021 vert brukt til å få på plass brukarutstyr og møblar m.v., og ein planlegg med 1. mars 2021 som fyrste operative arbeidsdag for leigetakarane. Økonomisk ligg prosjektet godt innanfor godkjent ramme.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b>  Representantskapet tok orienteringa til vitande.</p>
<p><b>14/19</b></p>	<p><b>Godkjenning av investerings- og driftsbudsjett for 2020 og 2021</b>  Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit la fram styret sitt forslag til budsjett for 2020. Styret godkjente budsjettet i styremøte 11. november 2019.</p> <p><b>Vedtak i styret:</b>  <i>Styret tar framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2020 og 2021 til etterretning, og godkjenner at budsjett og notat vert lagt fram for Representantskapet. Budsjettet og økonomiplanen baserer seg på føresetnader som låg til grunn ved styrehandsaming.</i></p> <p><b>Styret tilrår at Representantskapet gjer fylgjande vedtak:</b>  <i>Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2020 og 2021.</i></p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b>  Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2020 og 2021.</p>

Knarvik, 6. desember 2019



Karstein Totland  
Leiar Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Lars Fjeldstad  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Per Lerøy  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS